

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Planprogram til regional transportplan for Sogn og Fjordane 2018-2027 - fråsegn

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Sogn regionråd har i møtet 12.5.2016 vedteke følgjande fråsegn til planprogrammet til regional transportplan for Sogn og Fjordane 2018-2027:

Sogn regionråd sluttar seg til føremål, planstruktur, plantema og dei skisserte utgreiingsbehova i kapittel 4 i framlegg til planprogram.

Sogn regionråd har vedteke ein samferdsleplan for 2016-2018. Denne planen inneheld dei prioriterte samferdsletiltaka i vår region, og vert grunnlag for regionrådet sine innspel til regional transportplan og nasjonal transportplan.

Vi ser det som positivt at regionråda vert tekne med som ein av hovudaktørane i planarbeidet og at kommunane blir med i referansegruppa. Medverknad frå regionråd og kommunar er viktig for å få forankring og eigarskap til transportplanen. Sogn regionråd ønskjer å vera ein aktiv medspelar i arbeidet. Aktuelle fora for deltaking kan vera i temagrupper, referansegruppa eller andre arenaer for dialog og medverknad som det vert lagt opp til

Med helsing

Petter Sortland
leiar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift